

## Viser til søknad

– Ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane  
Sak nr. 19/4119-14

I 2019 sökte Lærdal Grønt på vegne av dei tre organisasjonane, Lærdal Grønt, Sognefrukt og Innvik Fructlager, midlar til prosjektet «Ny infratruktur og felles organisering for frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane.

Prosjektet har pågått sidan mai 2018, og hatt ei grundig utgreiing på tre ulike alternativ

- Halde fram som i dag (med auka samarbeid)
- Full samanslåing med drift på tre lokasjonar
- Full samanslåing, med samlokasering

Etter første runde i prosjektet endte vi på større utgreiing av alternativet

- Full samanslåing, med drift på tre lokasjonar

5.august hadde dei tre pakkeria kvar for seg ekstraordinært årsmøte for å stemme ja eller nei til fusjon av dei tre pakkeria. Resultat av avstemning blant dei ca 240 produsentane vart nei til fusjon av dei tre pakkeria.

Til tross for resultat i avstemning har dei tre pakkeria investeringsbehov for løft av frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane. Etter resultatet vert denne investeringa kvar for seg.

Behovet for utvikling, kompetanseheving og utbygging er like sterkt.

Som det går fram av rapporten som ligg som vedlegg, ville pakkeria anslagsvis i fellesskap investere i totalt ca 85mill.

Målet er fortsatt det same, løft for frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane.

**Vi vil med dette at Fylkeskommunen ser på vilkåra gjevne for tilskotet, og at dei vert tildelt og fordelt dei tre pakkeria. Tilskotet som vart gjeve er eit viktig bidrag til frukt og bærnæringa i heile Sogn og Fjordane.**

Sesongen 2020 står alle fructlager over for ein katastrofal sesong for frukt. Moreller, plomer, epler og pærer har stor avlingssvikt. Produsentane får søkt avlingsskade-erstatning som ei opprøysning, medan pakkeria vil sitte med sine faste kostnadane utan mulighet for opprøysning og dermed få eit økonomisk utfordrande år. Dette er ikkje heldig i ei tid ein skal investere i utbygging og vise til god likviditet og egenkapital for lån og søknadar om støtte. -Med dette året som utgangspunkt vil løyvinga vere viktig for dei tre pakkeria.

## Vegen vidare er for Innvik Fruktlager utbygging i eigen regi.

Innvik Fruktlager (IFL) er i dag Norges største bringebärmottak og verdens nordlegaste fruktlager.

-Lange lyse kveldar, godt jordsmonn og klima skapar grunnlag for høgkvalitets frukt og bær.

Dei 69 aktive medlemane til fruktlageret leverar bringebær konsum, bringebær industri, plome, eple, pærer og noko isbergsalat.

Veksten for IFL har sidan gjenkjøpet med Gartnerhallen i 1998 vert formidabel. Omsetningsauke frå 3.mill i 98 til 56mill i 2019.

Vidare framover vil IFL ha ei auke i plomer på 50%, frå 200t til over 300tonn og på epler 200% frå 200t til 600t. Dette er plantingar som allereie er komt i jorda, og veksten vil ha jamt utslag dei komande åra. Målet er fortsatt auke i åra som kjem.

### Produksjonsplan i følge klient (Datasystem for frukt og bær)

|                    | <b>2018</b> | <b>2019</b> | <b>2020</b> | <b>2025</b> | <b>Vekst 18-20</b> |
|--------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|--------------------|
| Eple               | 200         | 220         | 220         | 600         | 200 %              |
| Plomer             | 200         | 220         | 245         | 300         | 50 %               |
| Bringebær konsum   | 200         | 200         | 200         | 200         | 0 %                |
| Bringebær industri | 260         | 260         | 260         | 260         | 0 %                |

IFL vil mot 2025 vere største plommemottaket i S&F, og nest størst på epler. Og framleis holde stand som største bringebær mottaket i landet.

Hausten 2018 hadde pakkeria i S&F ein studietur og besøkte landets fruktpakkeri, dette gav eit godt grunnlag for utgreiing av eige lager. Det vart delt teikningar av bygg, kostnadsbudsjett på påbygg og utbygging av fleire pakkeri, samt prisoverslag og skisser for nybygg i Ryfylket. Her fekk vi med oss gode indikasjoner for prosjekta vi er i gang med både når det gjaldt pakkerisamarbeid og utgreiing i eigen regi.

IFL veks ut av eige bygg og pakkekapasitet, fryseanlegget er av eldre dato og må fornyast.

Investeringskostnadane er i kring 26 mill for utbedring og opprustning av anlegget.


### Satsningsområde

- Utbygging av lager til framtidig volum
- Kompetanseheving på kjøling, ULØ-lagring
- Rekruttering til frukt og bærnæringa
- Nyplanting og replanting av bringebær
- Styrke organisasjonen IFL

## Prosjektplan

IFL har i dag bygg med lokasjon sentralt i Innvik, bygget har fleire byggetrinn gjennom sitt opphav i 1952. Størstedelen av bygget er av nyare dato og i god stand. I forbindelse med prosjektet har styret i IFL utarbeidd ein egen verdivurdering av bygget. (Vedlegg 2)

IFL hadde ferdig utvikla utbyggingsplanar med dispensasjon frå reguleringsplan og råmeløyve til utbygging allereie før drøfting om fellespakkeri kom opp. Vi tek oppatt planen vi satte på vent og fortset arbeidet i eigen regi.



IFL har i dag ei byggningsmasse på 1620m<sup>2</sup>, behov for å dekke framtidig volum med kjøl, frys og pakkekapasitet er ca 2400m<sup>2</sup>. Det er gitt byggjeløyve og dispensasjon til utfylling i fjorden for største delen av utbygginga. Stryn Kommune er svært positive til utbygging i Innvik og har alternative tomteplass til dispensasjon for at Fruktlageret skal få arealet dei treng for utviding.

Kommunen seier seg og villige til å bistå IFL økonomisk for utbygginga vi no står for.

IFL er i dialog med Stryn Kommune om former for samarbeid for å kunne realisere utbygginga.

## Totalbudsjett utbygging IFL

|                               |                       |
|-------------------------------|-----------------------|
| Utviding av 800m <sup>2</sup> | kr. 16 000 000        |
| Oppgradering av pakkeutstyr   | kr. 5 000 000         |
| Utviding/oppkjøp av tomt      | kr. 5 000 000         |
| <b>Totalt</b>                 | <b>kr. 26 000 000</b> |

## Finansieringsplan

|                          |                       |
|--------------------------|-----------------------|
| Lånebehov                | kr. 13 000 000        |
| Støtte Stryn Kommune     | kr. 5 000 000         |
| Støtte Gloppen Kommune   | kr. 500 000           |
| Støtte Stad Kommune      | kr. 500 000           |
| Tilskot Innovasjon Norge | kr. 2 000 000         |
| Sogn og Fj Fylkeskommune | kr. 5 000 000         |
| <b>Totalt</b>            | <b>kr. 26 000 000</b> |

**Vidare utvikling av frukt og bærnæringa i Nordfjord** er avhengig av denne investeringa vert gjennomført. Vi søker Vestland Fylke om at løyvinga som Sogn og Fjordane Fylke gjorde til nytt regionalt pakkeri vert omdisponert og at Innvik Fruktlager får ei løyving på kr. 5 mill av denne avsetninga.

**Vedlegg**

Stryn Kommune

Beste helsing



Anita Roset

Dagleg leiar

Innvik Fruktlager SA



## Notat

Til: Anita Roset, dagleg leiar Innvik Fruktlager

Kopi til: Steinar Dvergsdal, styreleiar Innvik Fruktlager

Vår sakshandsamar:  
Geirmund Dvergsdal

Vår ref:  
18/371-4

Dato:  
15.09.2020

### Utvikling av Innvik Fruktlager

Stryn Kommune si tilråding av fordeling av avsatte midlar til løft i frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Fylkeskommune vedtok i fylkestinget 4. juni -19 å løyve 15 mill kr til satsinga for frukt og bær i Sogn og Fjordane. Prosjektplanen var ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærnæringa i Sogn og Fjordane.

Innvik Fruktlager har i samband med Lærdal Grønt og Sognefrukt utgreia alternativet full samanslåing av dei tre pakkeria til ein organisasjon med avdeling i Innvik og Leikanger.  
Årsmøta ved dei tre pakkeria ville det ikkje slik.

Det har vore stor vekst i volum med frukt og bær dei siste åra, og vidare satsing med nyplanting tilseier at denne utviklinga vil halde fram. Pakkeria er ei viktig verksemd for frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane, Innvik Fruktlager for Nordfjord. Jobben med pakking, kontakt med marknaden og salgsapparat er avgjerande for utvikling av næringa. Likeeins felles senter for kommunikasjon mellom produsentar og organisasjonar og sist men ikkje minst, arbeid med rekruttering og kompetansebygging tett på produsent. Stryn Kommune ser kor viktig det er å ha ei slik verksemd i Nordfjord, tett på produsentane og produksjonane.

Stryn Kommune er godt kjend med Innvik Fruktlager si verksemd, og er svært positive til utbygging i Innvik. Kommunen har intensjon om å bidra til vidare utvikling av fruktlagret, og sak om dette vil bli handsama av kommunestyret i løpet av hausten. Det blir vurdert ulike modellar for kommunen sin medverknad, val av modell vil bli teke stilling til når saka vert lagt fram for politisk handsaming. Kommunen har bistått fleire bedrifter i liknande situasjonar som den Innvik fruktlagret no står overfor, med godt resultat.

Stryn Kommune støttar søknaden og håpar på positivt vedtak om støtte til frukt og bærnæringa i tidlegare Sogn og Fjordane.

Helsing  
Stryn kommune, Avdeling plan og næring

Geirmund Dvergsdal  
plan- og næringssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*